Vest-Telemarkrådet

6. april 2017

Innkalling til møte i Vest-Telemarktinget

Stad:	**Kommunestyresalen Tokke kommune, Dalen**
Dato:	**Tysdag 25. april 2017**
Kl.slett:	**09.00**

I tråd med vedtektene blir det no kalla inn til møte i Vest-Telemarktinget i kommunestyresalen Tokke kommune, Dalen.

Etter handsaming av dei ordinære sakene, legg vi opp til orienteringar om fylgjande tema:

- *"Akuttmedisinske tenester". Klinikksjef ved Sykehuset Telemark HF Frank Waal orienterer om utviklinga innan akuttmedisin i og utanfor sjukehus.*

- *Prosjektet "Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark". Prosjektansvarleg Ketil Kiland saman med administrasjonen orienterer nærare om utgreiingane og den vidare prosessen.*

Etter møtet har vi gleda av å invitere til felles lunsj på Dalen Hotell der vi får servert "ei smak av Telemark".

Avslutningsvis minner vi om representantskapsmøta i hhv Renovest kl 13.00 og Vest-Telemark PPT kl 15.00. I likskap med Tinget finn møta stad i kommunestyresalen Tokke kommune.

Vi ynskjer vel møtt på Dalen 25. april !

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Erik Skjervagen (sign)
Regionordførar

Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

Vest-Telemarkrådet, Kviteseidgata 18, 3850 Kviteseid
Tlf: 415 52 775, kgh@vest-telemark.no, www.vt-radet.no
Org. nr: 975.476.588

Sakliste til møte i Vest-Telemarktinget 25. april 2017

01/2017 Opprop

02/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste

03/2017 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar

04/2017 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2016

05/2017 Val av revisor

06/2017 Orienteringssaker:

"Akuttmedisinske tenester". Klinikksjef ved Sykehuset Telemark HF Frank Waal orienterer om utviklinga innan akuttmedisin i og utanfor sjukehus.

Prosjektet "Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark". Prosjektansvarleg Ketil Kiland saman med administrasjonen orienterer nærare om utgreiingane og den vidare prosessen.

Vest-Telemarktinget *Møte 25. april 2017*

Sak 04/2017 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2016

Bakgrunn.
Forslag til årsmelding og årsrekneskap for 2016 vart handsama i rådsmøte 14. mars 2017, der det vart gjort slikt vedtak:
"Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2016 til framlegging for endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget. Samrøyses vedtak."

Dette vert no lagt fram for Vest-Telemarktinget med fylgjande forslag til vedtak:

"Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2016."

Vest-Telemarkrådet

Årsmelding 2016

Til handsaming i Vest-Telemarktinget 25.04.2017

Vest-Telemarkrådet, Kviteseidgata 18, 3850 Kviteseid
Tlf: 415 52 775, kgh@vest-telemark.no, www.vt-radet.no
Org. nr: 975.476.588

Innhald

Innleiing 3
Styrande dokument 3
Eigarskap, roller og styring 5
Styresamansetting av Rådet 2016 6
Møtestadar 7
Møte i 2016 7
Informasjon 10
Prosedyrer 11
Aktive prosjekt i 2016 11
Samarbeid 11
ByR og næringsutvikling 12

Innleiing

Vest-Telemarkrådet er regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Samarbeidet vart etablert i 1993, og er organisert som interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27 som eige rettssubjekt.

Rekneskapsåret 2016

Interkommunale samarbeid etter § 27 i kommuneloven og som er eige rettssubjekt fører *særrekneskap*. Særregnskap avleggas etter kommunale rekneskapsprinsipp i samsvar med forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap.

Rekneskapsførar: Fyresdal kommune
Revisor: Telemark kommunerevisjon IKS

Økonomi

Årets rekneskap syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk *i høve til budsjett på 224.516,- kroner*. Mindreforbruket kjem av at Vest-Telemarkrådet har ei stor grad av prosjektbaserte kostnadar, og tidsperspektivet for gjennomføring vert av ulike grunnar endra i løpet av året. Renteinntekter i 2016 var på 106.942,- kr.

Leiinga

Erik Skjervagen, ordførar i Fyresdal kommune har vore regionordførar i 2016. Jon Rikard Kleven, ordførar i Vinje kommune har vore regionvaraordførar.

Tilsette

Kjell Gunnar Heggenes (dagleg leiar) og Ole Dalen (utviklingsleiar).

Etisk standard - likestilling - diskriminering

Vest-Telemarkrådet legg høg etisk standard til grunn i si verksemd og det er pr. i dag ikkje planlagt konkrete tiltak utover dette. Det same gjeld innafor områda likestilling og diskriminering.

Styrande dokument

Fylgjande dokument legg føringar for arbeidet i Vest-Telemarkrådet:

- Budsjett (årleg)
- Arbeidsprogram (to-årig)
- Delegeringsreglement
- Prosedyrer for arbeidet i Vest-Telemarkrådet (fastsett 13. mars 2013)
- Vedtekter
- Vedtekter for Telemark utviklingsfond (TUF)

Lenke til dokumenta er å finne på vt-radet.no

Vest-Telemark

Vedteke arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2016 – 2017.

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION
Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrenser skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Mål 1 Oppretthalde og auke folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark
Tiltak:

- Auke dei unge si sjølvkjensle og tilknyting til distriktet, og stimulere til entreprenørskap
- Vidareføre arbeidet med utvikling av regionens attraksjonskraft og bulyst.
- Vidareutvikle Vest-Telemark som ein attraktiv arbeidsmarknadsregion.
- Stimulere til rekruttering av arbeidskraft
- Nytte samhandlingsreformen til å få best mogleg helsetilbod i regionen
- Vidareføre nettverket for vidaregåande utdanning i regionen

Mål 2 Sterk regional samkjensle og styrka Vest-Telemarkidentitet
Tiltak:

- Stø opp om kulturtiltak som fremjar kjennskap, identitet og samhandling
- Vidareutvikle samhandling kring marknadsføringstiltak som fremjar kjennskap til regionens kultur og identitet.
- Legge til rette for godt regionalt samarbeid, herunder elektronisk kommunikasjon og informasjonsflyt
- Stimulere til utvikling av nye offensive informasjonsformer tilpassa prioriterte målgrupper.
- Etablerere nettverk for viktige regionale institusjonar
- Auke samhandlinga og kommunikasjonen med dei ulike forvaltningsnivåa
- Fullføre prosessen rundt kommunereformen i Vest-Telemark

Mål 3 Vidareutvikling og nyetablering av verksemder i Vest-Telemark
Tiltak:

- Leggje til rette for næringsutvikling med grunnlag i lokale ressursar
- Auke tilgangen på risikokapital og offentlege verkemiddel til regionen
- Styrke og utvikle nærings- og rådgjevingsapparatet i Vest-Telemark, og vidareføre samspelet mellom regionrådet og dei næringsansvarlege i kommunane.
- Tilrettelegging og utvikling av samhandlingstiltak og næringsklynger, med formål å styrke eksisterande næringsliv og stimulere til knoppskyting, nyetablering og innovasjon.
- Oppretthalde og utvikle kompetansemiljø i regionen.
- Vidareutvikle den regionale etablerertenesten, gjennomføre Byregionprogrammet og samarbeide med næringshagane i regionen også knytt til SIVA

Mål 4 Sikre god infrastruktur i og gjennom Vest-Telemark
Tiltak:

- Vidareutvikle felles strategiar for vegutbygging og skape alliansar for desse.
- Synleggjere regionens transport- og infrastrukturbehov gjennom faktaoppbygging og formidling.
- Arbeide for høgfartsbane over Haukeli
- Utvikling av regionens breibandsstruktur og mobilsamband.

Eigarskap, roller og styring

Tinget, som er det øvste organet, er samansett av 4 representantar frå kvar kommune: Ordførar, varaordførar, 1 anna kommunestyremedlem og rådmannen. Det er oppnemnt personlege vararepresentantar.

Tinget har etter vedtektene fylgjande ansvar:

- Godkjenning av arbeidsprogram og budsjett
- Godkjenning av årsmelding og rekneskap
- Fastsetjing av godtgjering
- Handsaming av vedtektsendringar
- Val mellom anna av regionordførar og regionvaraordførar annankvart år
- Andre saker etter vedtak i Rådet

Rådet er samansett av dei 6 ordførarane i regionen med varaordførarane som personlege vararepresentantar. Ein av ordførarane vert formelt valt som regionordførar for 2 år i gongen, eit verv som går på omgang mellom desse.

Rådet har normalt 8 – 9 møte pr år, og rådmennene har møte- og talerett i rådsmøta.

Rådet er tillagt fylgjande ansvar:

- Dagleg drift i samarbeid med administrativ leiing
- Andre oppgåver etter vedtak

Styret i Rådet. Dei 6 ordførarane møtes med visse mellomrom som "styre" for § 27-samarbeidet. Styret handsamar saker som gjeld "drift og organisering" og gjev føringar for dagleg leiar, herunder stillingsheimlar og økonomiske fullmakter.

Regionordførar har fylgjande oppgåver:

- Leie møta i Råd og Ting
- Fylgje opp gjennomføringa av vedtak gjort i Råd og Ting
- Inneha arbeidsgjevarfunksjonen i høve til rådsadministrasjonen

Arbeidsutvalet (AU) er samansett av regionordførar, regionvaraordførar, 1 representant frå rådmannsutvalet samt regionrådsleiar. Arbeidsutvalet har som ansvar å drøfte aktuelle saker og fastsette sakliste til rådsmøta.

Administrativ leiing. Dagleg leiar (regionrådsleiar) vert tilsett av Rådet.

Regionrådsleiar har som oppgåve å organisere rådsmøta og gjennomføre vedtak gjort i desse, herunder:

- Arbeide aktivt i høve til politikarane i regionen
- Utarbeide uttaler frå regionen
- Drive med informasjonsarbeid, gjerne gjennom dialog med formannskapa og kommunestyra
- Samspele med rådmannsutvalet, herunder delta i rådmannsmøta
- Ha rolle i høve til andre regionale samarbeidstiltak
- Stå som prosjektansvarleg for aktuelle prosjekt
- Tilsette moglege medarbeidarar og prosjekttilsette etter heimlar gjeve av styret
- Søkje å spele på lokal og regional kompetanse ved kjøp av tenester
- Stå for dagleg drift
- Utføre faste administrative oppgåver: sekretariatsarbeid, IKT-koordinering, søknader regionale tiltak, bidrag til regional utvikling, skjønnsmiddelbruk, felles etablererteneste, informasjon og relasjonsbygging i samband med val, vertskap for næringskollegiet, deltaking i aktuelle politiske og administrative møte.

Regionrådsleiar skal vidare halde seg orientert og fylgje med på saker som vedkjem regionen innafor fylgjande område:

- Infrastruktur/samferdsel: veg, bane, breiband
- Skulestruktur/skuletilbod
- Næringslivets trong for arbeidskraft
- Kultur
- Telemarkskanalen
- Annan statleg/fylkeskommunal aktivitet

Forøvrig gjeld styrande dokument med arbeidsprogram, budsjett, delegeringsreglement, prosedyrer og vedtekter.

Styresamansetting av Rådet 2016

Vedteke av Vest-Telemarktinget 1. desember 2015

Fyresdal, Erik Skjervagen - **Regionordførar**
Kviteseid, Tarjei Gjelstad
Nissedal, Halvor Homme
Seljord, Halfdan Haugan
Tokke, Jarand Felland
Vinje, Jon Rikard Kleven - **Regionvaraordførar**

Møtestadar

Regionrådet har hatt møte desse stadane i 2016:

Kommunehuset i Treungen, Nissedal
Dalen Hotell, Tokke (Tinget)
Haukeli Hotell, Vinje
Stortinget, Oslo
Seljord Hotell, Seljord
Quality Straand Hotell, Kviteseid
Fyresdal Næringshage, Fyresdal (to gonger, både Tinget og Rådet)

Vidareføring av ordninga med skiftande møtestad i kommunane er vedteke i rådsmøte 23. februar 2016.

Møte i 2016

Det vart halde 6 møte i Rådet i 2016, og eit ekstra telefonmøte 26. september for handsaming av sak 32 (sjå lenger ned). Det vart halde 2 møte i Vest-Telemarktinget. Samla er handsama 61 saker.

Vi har valt å trekke fram fire viktige saker som er handsama i 2016:

Konsesjonskraftsaka - energimelding

Jublar: Bård Hoksrud (Frp), Solveig Sundbø Abrahamsen (H) og Geir Jørgen Bekkevold (KrF) er glade for at det ikkje lenger er aktuelt å endre konsesjonsordninga - som sikrar kommunane og fylkeskommunen totalt opp mot 200 millionar kroner i året. (Foto: Privat)

Saka var oppe i rådsmøte på Stortinget, 24. mai 2016

Tekst og bilete er henta frå artikkel i VTB 4. juni 2016:

Vesttelane var blant dei som reagerte med frykt og uro då Regjeringa ville at eit ekspertutval skulle sjå på konsesjonskraftordninga – ei ordning som sikrar kommunane i Telemark og fylkeskommunen nesten 200 millionar kroner i året. Bakgrunnen for framlegget var å nå målet om «effektiv og samfunnsrasjonell utnytting av vassressursane».

I juni 2016 kunne telemarkingane på Stortinget med greiner til regjeringa og samarbeidspartia melde at vasskraftverdiane er sikra: Det blir inga endring i konsesjonskraftordninga og det blir heller ikkje sett ned eit ekspertutval.

Solveig Sundbø Abrahamsen (H), Bård Hoksrud (Frp) og Geir Jørgen Bekkevold (KrF) har arbeidd aktivt overfor partifellene sine, og spesielt mot kollegaene i energi- og miljøkomiteen på Stortinget.

– Det har vore eit godt samarbeid, og me har fått gode innspel frå fleire av kommunane i Telemark som låg an til å bli ramma av framlegget, seier dei tre i ei pressemelding.

– Dette er ein svært god dag for innbyggjarane i dei kommunane som kunne risikert å mista mykje pengar, konkluderer Abrahamsen, Hoksrud og Bekkevold.

Det var dei seks kommunane i Vest-Telemark, saman med, i særleg grad Tinn, men også Hjartdal, som ville blitt råka hardt av framlegget. Ein kommune som Vinje fekk i 2014 37,5 millionar kroner totalt frå konsesjonskraft og konsesjonsavgifter. I Fyresdal og Tokke var totaltala høvesvis 14,3 og 12,3 millionar kroner. Totalt for kommunane i Vest-Telemark utgjorde konsesjonskraft og konsesjonsavgifter meir enn 80 millionar kroner.

FAKTA: Konsesjonskraftordninga skal sikre at lokalsamfunna som avstår naturressursar til storsamfunnet får sin rettmessige del av verdiskapinga. Konsesjonskraft: Ein del av kraftproduksjonen som vertskommunen får som vederlag for å avstå verdfulle naturressursar. Konsesjonsavgifter: Erstatning for generelle skadar og ulemper til lokalsamfunnet.

PPT - Organisering av TFK sine ressursar i Vest-Telemark

Sak 18/2016

Sak 18/2016 Ekstra sak. Framtidig organisering av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Vest- og Midt-Telemark.

Bakgrunn.
I møte 23. februar 2016 vart Vest-Telemarkrådet orientert om forslag om å flytte PP-tenesten ved dei vidaregåande skulane i Vest-Telemark til Midt-Telemark. Både dagleg leiar i Vest-Telemark PPT, Torunn Kittilsen og regionkontakt i Telemark fylkeskommune, Therese Surdal Lahus, orienterte om saken.
Det kom mellom anna fram at det ikkje er manglande kvalitet ved dagens ordning, men meir eit ynskje frå fylkeskommunens side om å ha meir styring med tenesten.
I det etterfylgjande ordskiftet kom det fram at Vest-Telemarkrådet ynskjer å vidareføre dagens ordning og at ein vil invitere til tettare samarbeid med fylkeskommunen.

Det vart gjort slikt vedtak:
"Med utgangspunkt i det som har kome fram i drøftingane, får regionrådsleiar i oppdrag å lage uttale frå Vest-Telemarkrådet. Forslaget godkjennast av regionordførar og sendast snarast til Telemark fylkeskommune slik at dette kjem med i den politiske handsaminga."

I tråd med vedtaket vart det laga uttale frå Vest-Telemarkrådet som vart oversendt Telemark fylkeskommune 25. februar med avtale om vidaredistribusjon til aktuelle personar/utval.

I møte 7. mars 2016 handsama Hovudutval for kompetanse sak om framtidig organisering av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Vest- og Midt-Telemark.

Det vart gjort slikt vedtak:
"PP-tjenestetilbudet i Vest-Telemark videreføres som i dag under forutsetningen om at det opprettes et fagråd. Vest-Telemarkrådet må komme tilbake med et vedtak for løsning av dette til fylkesutvalget 14. april.
Administrasjonen bes vurdere om det er hensiktsmessig å ha en styrepresentant i selskapet, og utvalget ber om at man tar en mer aktiv rolle som eier i selskapet."

Forslag til vedtak:
"Med bakgrunn i vedtak i sak 8/16 i Hovudutval for kompetanse 7. mars 2016 om vidareføring av PP-tenestetilbodet i Vest-Telemark, ber Vest-Telemarkrådet representantskapet i Vest-Telemark PPT opprette eit fagråd bestående av medlemene i "Forum for utdanning i Vest-Telemark" samt i representant frå Telemark fylkeskommune.

Vest-Telemarkrådet rår vidare representantskapet til å auke antal medlemer i styret slik at fylkeskommunen vert representert også i dette.

Konklusjon: TFK vert med i styret for VT PPT IKS, og held fram med dagens ordning i Vest-Telemark.

Oppstart av prosjektet interkommunale samarbeid i Vest-Telemark

Sak 50/2016

Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark (2016-2017) gjeld vidare arbeid etter at kommunane har gjennomført utgreiingar knytt til kommunereforma.

Finansiering, forankring og organisering

Fylkesmannen har løyvd 1 mill kr til arbeidet gjennom skjønnsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt.

Det er ein klar intensjon at prosjektet skal munne ut i nye forpliktande interkommunale samarbeidstiltak blant kommunane i Vest-Telemark. Utgreiingsarbeidet i prosjektet skal i denne samanheng mellom anna drøfte kva som synes å vere mest føremålsteneleg organisering av dei enkelte samarbeidstiltaka.

Forprosjektet er organisert slik:

Start: Rådmennene sin prosjektspesifikasjon: april 2016
Slutt: Implementering 31.12.2017

Prosjekteigarar: Kommunane i Vest-Telemark
Styringsgruppe: Rådmannsutvalet i VT, ein representant frå HTV og HVO i VT. Rådmennene involverer politisk nivå i sin kommune.
PA: Ketil Kiland
PL: Kjell Gunnar Heggenes
Referansegruppe: Hovudtillitsvald og hovudverneombod frå kvar kommune. PA og PL har dialog med referansegruppa i prosessen.
Lokaliseringsutval: Er samansett av ordførarane og rådmennene i kommunane. Utvalet er knytt til arbeidet med lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid.
Eksterne ressursar: Nyttast til praktisk framdriftsbistand og aktuelle utgreiingsarbeid.

Veg - infrastruktur

Ekstra rådsmøte/vedtak for lokal prioritering av pågåande arbeid på E134. Kjell Solheim kom til Kviteseid 26.09.2016, og ordførerane deltok på telefonmøte. Einstemmig vedtak om ny prioritering

Sak 32/2016
Utbyggingsrekkefylgje for dei ulike delstrekningane mellom Seljord og Åmot – trong for nytt formelt vedtak i Vest-Telemarkrådet.

Avdelingsdirektør Kjell Solheim orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saken.
Det låg føre brev datert 8. september 2016, der Statens vegvesen ber om tilslutning til endra rekkefylgje for utbygging av dei aktuelle delstrekningane på E134 mellom Seljord og Åmot.
Prosjekta var i utgangspunktet planlagt for bompengefinansiering, noko som vart endra til statleg finansiering rundt årsskiftet 2013/2014.

Vedtak:

« Vest-Telemarkrådet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag om endra prioriteringsrekkefylgje for delstrekningane på E 134 mellom Seljord og Åmot.
Ny utbyggingsrekkefylgje er:
1 Raudå bru – Åmot (Åmot aust) byggjast fullt ut med opning for trafikk i juli 2017.
2 Morgedal – Mostøyl (Liberg-bakkane) byggjast fullt ut. (Anlegget er klart for utlysing og opning kan skje i november 2018)
3 Mostøyl – Høydalsmo byggjast så langt midlane rekk med Rui-bakkane som prioritet.
(Avhengig av prisnivået på føregåande parsell)

Sidan Seljord - Ordal (Nordbygdi – Stamperui) fell ut , legg Vest-Telemarkrådet til grunn at Statens vegvesen prioriterer denne delstrekningen for finansiering og gjennomføring tidleg i neste vegplanperiode."

Informasjon

Alle møta i Vest-Telemarkrådet er opne for ålmenta, og i møta har det vore fast deltaking frå Vest-Telemark Blad (VTB). På denne måten har sakene og diskusjonane i møta fått god mediedekning.

Alle saksdokumenta er lagt ut på nettsidene til Vest-Telemarkrådet før møta, slik at interesserte har hatt høve til å sette seg inn i sakene.

Meir informasjon

Vest-Telemarkrådet hadde ein klar informasjonsstrategi i 2015, og denne er vidareført i 2016. Trongen for informasjon om kva som skjer i dei ulike samarbeidsselskapa er stor, og sjølv etter at administrasjonen i Vest-Telemarkrådet informerte i fleire møte og har blitt flinkare til å legge ut informasjon på nett - ser ein fortsatt trong for meir informasjon. Ein må erkjenne at det som var godt nok tidlegare, ikkje lenger er tilstrekkeleg for å informere om samarbeidet i Vest-Telemark. Konklusjonen er at ein må sjå nærare på korleis ein kan auke kjennskapen om pågåande samarbeid også i tida som kjem.

Mediadekning

Det har ikkje vore systematisk registrering av talet på oppslag i media i 2016, men antal oppslag har vore betydelege. Mykje av merksemda har kome gjennom Vest-Telemark Blad, som deltek fast på møta i Vest-Telemarkrådet.

Informasjon i kommunane

Det er arbeidd med å informere dei enkelte kommunane om verksemda i Vest-Telemarkrådet. Det er utarbeidd presentasjon i samspel med rådmennene knytt både til folkevaltopplæring og som presentasjon i kommunestyremøta. Ein har fleire gonger peika på at ein kunne sjå på rapporteringa i Midt-Telemarksamarbeidet, som har i oppgåve å rapportere på dei interkommunale samarbeida sine i årsmeldinga. Det er ikkje gjort vedtak om ein slik modell, og administrasjonen i Vest-Telemarkrådet inviterer seg på besøk i kommunane etter som dei sjølve ynskjer informasjon om det interkommunale samarbeidet.

Digital dialog

Framtida er meir digital, og administrasjonen i Vest-Telemarkrådet har i 2016 lagt vinn på å endre informasjonsrutinane. Arbeid vert rapportert løpande på bloggen på vt-radet.no, og informasjon vert delt slik at ein kan «google» å finne relevant informasjon frå samarbeidet. Ein har fortsatt mykje ugjort på dette området, og har førebels ikkje funnet nokon alternativ dialog utover telefon og e-post (har ikkje chat eller liknande). Vest-Telemarkrådet har ikkje eiga facebook-side, og sida knytt til regional informasjon Vest-Telemark.no med facebookside er under endring.

Som eit ledd i arbeidet i fagnettverket webforum, er det også jobba med utvikling av ny kulturkalender og synleggjering av interkommunalt arbeid på kommunesidene. Dette er viktig fellesarbeid for informasjonsflyten til besøkande og innbyggarar i heile regionen.

Prosedyrer

Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet deltek i møta i rådmannsutvalet. Det er også ei fast samarbeidsgruppe beståande av dei næringsansvarlege i regionen som møtast same dag som arbeidsutvalet. Dette for å sikre samspel rundt aktuelle næringssaker i regionen og god forankring i kommunane.

Aktive prosjekt i 2016

- Etablererkontoret i Telemark
- IKT-tiltak i Vest-Telemark (mellom anna integrasjon av videokonferanse)
- Tellus-forum
- Tilskuddsportalen.no
- Etablering av kulturkalender (erstatte origo.no)
- Bulyst og vest-telemark.no
- Vest-Telemarkkonferansen og yrkesmessa på Dalen
- Tilskot til vest-telemarkbrosjyra (reiselivssamarbeid)
- Webforum - nettsamarbeid
- Avslutning: kommunereforma i VT
- Endringsprosessar og interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark
- Byregionprogrammet (ByR)
- Bygningsvern og kulturvern som motor i Vest-Telemark (bistand med finansiering av bedriftsnettverk/prosjekt Telemark Næringshage)
- Forprosjekt knytt til etablering av datalagring i Vest-Telemark
- Fotballprosjektet «Prosjekt Vest-Telemark»
- Klyngesamarbeid for entreprenørskap i grunnskulen.

Samarbeid

- Nettverkssgruppe for Vidaregåande skule.
- Næringskollegiet i Telemark (i regi av TFK)
- Næringskollegiet i Vest-Telemark (formalisert nettverksgruppe)
- Reiseliv med Vest-Telemarkbrosjyra
- Referansegruppa i organisering av reiselivet i Telemark
- Vest-Telemark Museum og samspel om bygningsvernsenter i Telemark m/knytning til UNESCO-verdsarvstatus
- Fjellnettverket og Østlandsforsking
- Diakoni i VT, og pilgrimsvegen
- Arbeidet med kommunale nettsider og synlegheit (webredaktør og bygdelivsmeklar)
- Rådmannskollegiet
- Webforum (nettverksgruppe)
- Nettverksgruppe for kollektivtrafikk
- Nettverk for infrastruktur
- Informasjon til folkevalde i kommunane
- Nettverksmøte med Fylkesmannen og regionrådssekretærane i Telemark
- Styringsgruppa for Telemark Online

ByR og næringsutvikling

Vest-Telemarkrådet har også i 2016 arbeidd med næringsutvikling for kommunane og hatt mandat til å vera talerør og aktør i fleire saker på vegne av kommunane. Rolla som regional næringutviklingsaktør har vore forankra i næringskollegiet i Vest-Telemark med tanke på å vera samordna og operativ utførar i saker der dette er tenleg.

Næringsutvikling

Eit utval av saker frå 2016:

- Rolle - bedriftsnettverk, 1 mill frå Fjellnettverket
- Utviklingsprosjekt innan fritidsbustader, samspel med Nissedal
- Entreprenørskap i fjellnettverket, Østlandsforsking
- Telemark Online, deltaking i styringsgruppa
- Bedrifsetablering i Vinje, søknad til TUF / samspel med IN
- Gründerveka 2016 - vertskap for Telemarksamling for landbruksnæringa. Prisutdeling av «matmerk».

Kviteseid, 14.03.2017

Erik Skjervagen

Halvor Homme

Halfdan Haugan

Jon Rikard Kleven

Jarand Felland

Tarjei Gjelstad

Kjell Gunnar Heggenes

Vest-telemarkrådet

REKNESKAP 2016

Hovedoversikt drift

Tekst	Rekneskap	Rev.budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2016	2016	2016	2015
INNTEKTER				
Brukarbet.salg og avgifter	0	0	0	0
Refusjonar/overføringar	-8 120 128	-6 516 000	-6 961 000	-7 963 446
Andre overføringar	-392 488	-92 000	-19 000	0
Sum driftsinntekter	**-8 512 616**	**-6 608 000**	**-6 980 000**	**-7 963 446**
UTGIFTER				
Lønsutgifter	1 630 200	1 687 000	2 185 000	2 023 570
Sosiale utgifter	360 140	390 000	518 000	504 986
Kaup av varer og tjenester	1 065 920	936 000	992 000	968 080
Refusjonar overføringar	3 429 400	3 077 000	4 254 000	2 602 315
Tilskot og gåver	1 636 197	270 000	200 000	1 066 972
Sum driftsutgifter	**8 121 857**	**6 360 000**	**8 149 000**	**7 165 923**
Brutto driftsresultat	**-390 759**	**-248 000**	**1 169 000**	**-797 522**
Renteinntekter og utbytte	-106 942	-110 000	-240 000	-179 586
Motteke avdrag på utlån	0	0	0	0
Renteutgifter og låneomkostningar	751	0	0	6 001 633
Andrag på lån	0	0	0	0
Utlån kaup av aksjer ,andelar ol	2 267	0	0	1 215
Netto finansieringsinntekt	**-103 924**	**-110 000**	**-240 000**	**5 823 262**
Netto driftsresultat	**-494 683**	**-358 000**	**929 000**	**5 025 740**
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av udisponert tidlegare år	-165 947	-166 000	0	-765 925
Bruk av disp fond	-119 000	-119 000	0	0
Bruk av bundne fond	-848 569	-827 000	-929 000	-6 342 381
Sum bruk av avsetningar	**-1 133 516**	**-1 112 000**	**-929 000**	**-7 108 306**
Avsett til dekning tidlegare år	0	0	0	0
Avsett til disp fond	166 000	166 000	0	765 925
Avsett til bundne fond	1 237 683	1 304 000	0	1 150 694
Avsett til styrking av likviditetsre	0	0	0	0
Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0
Sum avsetningar	**1 403 683**	**1 470 000**	**0**	**1 916 619**
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-224 516	0	0	-165 947
Rekneskapsmessig meirforbruk				0

Hovedoversikt Balanse

Tekst	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Eigendelar		
Anleggsmidlar		
Faste eigendomar og anlegg	0	0
Utstyr,maskiner og transportmidlar	0	0
Utlån	0	0
Aksjer og andelar (KLP)	4 430	2 163
Sum anleggsmidlar	**4 430**	**2 163**
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	1 920 935	2 007 761
Kasse, bankinnskot (bankinnskot)	6 150 379	6 278 089
Sum omløpsmidlar	**8 071 314**	**8 285 850**
Sum eigendelar	**8 075 744**	**8 288 013**
Egenkapital		
Disposisjonsfond	-1 686 150	-1 639 150
Bundne driftsfond	-5 680 478	-5 291 364
Rekneskapmessig mindreforbruk	-224 516	-165 947
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
Kapitalkonto	-4 430	-2 163
Sum egenkapital	**-7 595 574**	**-7 098 624**
Gjeld		
Langsiktig gjeld	0	0
Kortsiktig gjeld	-480 170	-1 189 389
Sum gjeld	**-480 170**	**-1 189 389**
Sum egenkapital og gjeld	**-8 075 744**	**-8 288 013**

Konto	Tekst	Rekneskap	Rev. Budsjett	Oppr. Budsjett
		2016	2016	2016
1100	**ADMINISTRASJON VTR**			
1010	Fast løn	1 479 090,91	1 500 000,00	1 990 000,00
1050	Anna løn og trekkpl. ytingar	0,00	0,00	40 000,00
1053	Anna løn og trekkpl.yting	20 343,00	0,00	0,00
1080	Styrehonorar	50 000,00	50 000,00	35 000,00
1090	Premie til KLP	174 750,00	200 000,00	266 000,00
1092	Kollektiv ulykke/gruppel.	2 472,00	0,00	0,00
1099	Arbeidsgjevaravgift	182 748,80	190 000,00	252 000,00
	Lønsutgifter	**1 909 404,71**	**1 940 000,00**	**2 583 000,00**
1100	Kontormatriell	8 064,77	5 000,00	25 000,00
1115	Matvarer	78 107,77	85 000,00	200 000,00
